| Sak 27/06: | **Drøfting av pluss og minus ved utviding av styret i dei to Dyrsku-selskapa frå 4 til 6.** |
| Sak 33/06: | **Val av byggekonstruksjon for fleirbrukslåven på Århus Hovedgård** |
| Sak 34/06: | **Mandat for og oppnemning av byggekomitè for fleirbrukslåven på Århus Hovedgård** |
| Sak 44/06: | **Framlegg om prioritering av ein eigen Småfedag på Dyrsku`n frå Telemark Sau og Geit** |
| Sak 46/06: | **Framlegg om kjøp av tilleggsareal frå teig tilhøyrande Århus Hovedgård.** |
| Sak 47/06: | **Drøfting av vidare strategi for TL si rolle knytta til Hyttelaget si hytte "Knausen" på Bjønnes og nytt framlegg om endring av vedtekter frå Hyttelaget** |
| Sak 48/06: | **Framlegg om prioritering av telemarkfeet ved bruk av Bonde Hans Kleppens legat og Hans Kleppens vandrekrus frå Landslaget for Telemarkfe** |

Sak 49/06: **Søknad om medlemsskap frå Landslaget for Telemarkfe**

Sak 50/06: **Tildeling av Hans Kleppens Vandrekrus 2006 og Lindequist's Sølvkande for 2006-2009**

Sak 56/06: **Historiebok om Bitdal – diskusjon om løyving av ein ny sum?**

Sak 58/06: **Samarbeidsavtala – fastsetting av personar til ei arbeidsgruppe og stadfesting av dei viktigaste elementa knytt til avtala**

Sak 64/06: **Byggekomiteen legg fram resultata av sitt arbeid med fleirbrukslåven på Århus Hovedgård.**

Sak 66/06: **Smånæringsfondet av 1922 – utsetting av tildeling til 2007**

Sak 68/06: **Etablering av ein eigen "Karsten Baardseth-samling" i samarbeid med Telemark Museum m.fl..**

Sak 69/06: **Søknad om støtte til 4H-arbeidet i Telemark 2006 frå Telemark 4H**

Sak 70/06: **Korleis arbeide vidare med produksjon av meir biologisk basera energi i frå landbruket i fylket vårt?**

## *Deltaking*

Telemark Landbruksselskap ved styret sine medlemmar er representera i følgjande prosjekt, råd og utval:

- ***Arbeidsgruppe "Århus Hovedgård og framtida"*** V/ Steinar Straume, Svein Børte og Ellen Dagsrud
- ***Byggekomitèn for fleirbrukslåven***: Toralf Hjartsjø, Åse Egeland, Svein Børte og Ellen Dagsrud
- ***Forvaltingsstyre for Bitdal***; v/ Steinar Straume og Ellen Dagsrud (skrivar)
- ***Utval for førebuing av sal Bitdaleigedomane***: Toralf Hjartsjø, Åse Egeland, Steinar Straume og Ellen Dagsrud som vara.
- ***Foyn Forlag AS,*** styret v/ Steinar Straume.
- ***Fylkeskommunen si "Strategigruppa for næringsutvikling / utvikling av det gode bosted"*** ; v/ Steinar Straume.
- ***Seljordutstillinga Dyrsku'n og Dyrsku'n Arrangement AS***, styret v/ Steinar Straume (som styremedlem og som styreleiar på val 2007) og Heidi Hylland (på val i 2008). Svein Børte vara for leiar og nestleiar (på val 2008). I generalforsamling/rådet er heile styret i TL representera. Åse Egeland er valt som varaordførar (på val 2008).

- ***Dei 5 Dyrsku`-arenaene***, Åse Egeland, Elisabeth Haugarne, Svein Børte, Toralf Hjartsjø og Ellef Ellegård er alle med i kvar sin arbeidsgruppe knytt til dei 5 arenaene.

- ***Arbeidsgruppe for fornying av Samarbeidsavtalen***; Heidi Hylland, Svein Børte, Amund Johnsrud og Ellen Dagsrud

- ***Stiftinga Telemark Fylkes Handelsstevne og Stevneplassen AS***, representantskapet v/ Nils William Hegna (nestleiar i styret, på val 2007), Tove Hoppestad( på val 2008), Svein Børte (på val 2008), Trond Ballestad (på val 2007) og Ellen Dagsrud, vara (på val 2007).

## Strategiområde 1 - "Næringsutvikling"

***TL skal arbeide for å initiere tiltak som bidreg til landbruksbasera bygdeutvikling.***

**1.1. TL skal initiere tiltak som kartlegg potensialet for produksjon av landbruksbasera biobrensel.**

1.1.1. Styret i TL deltek på seminaret "Alternativ energi – trefiber som energibærer i Telemark" 26. april 2006, og følgjer opp arbeidet i etterkant.
1.1.2. Representere landbruket i fylkesplanen si strategigruppe "Næringsutvikling / utvikling av "det gode bosted".

**1.2. TL skal initiere tiltak som utvikler potensialet for landbrukstilknytta reiseliv.**

1.2.1 TL etablerar ein dialog med Norsk Bygdeturisme og Gardsmat i 2006.

**1.3. TL skal påverke til lokal matproduksjon**

1.3.1. TL skal informere og involvere medlemmane om produksjonskjøkkenet som skal etablerast på Dyrsku`-plassen.

**1.1.**: - Styret deltok i april på seminaret "Alternativ energi – trefiber som energibærer i Telemark". I etterkant har det ikkje blitt rom nok for å drive dette arbeidet vidare, men temaet settast opp som eit eige fagtema på representantskapsmøte 2007. Det skal like vel nemnast at i arbeidet med prosjektering av ny fleirbrukslåve på Århus Hovedgård, er det arbeida mykje med kartlegging av alternative energikjelder. Det er at klart mål at om bygget realiserast skal det baserast på miljø- og framtidretta energi. Signaleffekten vil vera stor for eit slik bygg.

**1.2.**: - Gjennom 2006 har det vore noko kontakt med det lokale laget av Norsk Bygdeturisme og Gardsmat. Dei søkjer no om medlemsskap i selskapet og ynskjar ytterlegare dialog for å saman kunne sjå på potensialet for denne næringa i fylket vårt.

**1.3.**: - Bygginga av det nye administrasjonsbygget på Dyrskuplassen tok til seint på hausten 2006. Grunna den spesielle situasjonen i Dyrsku-organisasjonen har planarbeidet blitt noko forsinka, og det har vore lite å informere om fram til no.
I overgangen til det nye år er prosessane i gang at og Heidi Hylland, samman med ein ny prosjektleiar, vil kople til seg aktuelle partnarar for samarbeid og informere om framdrift.

## Strategiområde 2 – "Profilering"

***TL skal arbeide med å profilere Telemarkslandbruket utad for å styrke samfunnet si forståing av landbruket.***

### 2.1. Seljordutstillinga Dyrsku'n

Seljordutstillinga Dyrskun skal være Telemark Landbruksselskap sin viktigaste arena. TL vil arbeide for å synleggjere og motivere til ei livskraftig og framtidsretta landbruksnæring, med andre bygdenæringar.

**2.1.1 "Dyrskù-plassen"**
Arbeide for at Dyrsku'-plassen skal utviklast vidare som den beste og viktigaste møtestaden for landbruket og Bygde-Noreg, og at det skapast aktivitet heile året.

**2.1.2 "Dyrsku'n"**
Arbeide for at Dyrsku'n skal tuftas på tradisjonar og bygdemiljø, og hevde seg som den største og kvalitativt beste landbruksutstillinga i landet.

**2.1.3 "Næringsutvikling"**
Gjennom Seljordutstillinga Dyrsku'n legge til rette for idèmyldring og nyskaping gjennom dialog og samarbeid med aktuelle aktørar frå offentlege etatar, politiske miljø, landbruk, handverk, kultur , utdanning og reiseliv.

**2.1.4 "Økonomi og styring"**
Arbeide for å vidareutvikle utstillinga og plassen, men på same tid sikre verdiskaping og positive ringverknader for landbruket i fylket med bygdenæringar.

**2.1.:** - Dyrsku'n 2006 var den 140-ende Dyrskue, noko som blei feira på mange vis. Jubileet fall og saman med feiringa av at telemrakkua blei 150 år, så difor blei det dobbel markering. Stor Telemarkfeparade og Cow-Parade-auksjon utgjorde noko av denne feiringa. Godt vær førte også til godt besøk. Dette er den nest beste besøkte Dyrsku'n i historia. I tillegg kjem alle born under 6 år,utstillarar og dei som elles jobbar på Dyrskuplassen. Det totale publikumstalet blei ca 72 110 betalande personar.(2002 : 75 030, 2003: 71 467 , 2004: 64 281. 2005: 71 000). Dei endeleg tala vart; fredag 19 163 betalande (rekord), på laurdag 32 529, sundag 20 418. Laurdagen er stort sett optimal besøkt i høve til det plassen kan taka i mot av folk, så utfordringa vidare er framleis å få fleire besøkande på fredag og sundag.

Selskapet sitt engasjement på Dyrskun'n regulerast av ***Dyrskuavtala*** mellom TL og Seljord kommune og ***Samarbeidsavtala*** mellom TL og Dyrsku'n Arrangement AS.
Avtala løper så lenge som Dyrskuavtala heimalar ei slik avtale eller ein av partane ynskje ho revidera. Avtala sikrar Telemark Landbruksselskap ei årleg godtgjering på kr 300 000 i 1999 kroner. I 2006 utgjordet dette kr 345 294. Summen indeksregulerast årleg. TL pliktar da å taka ansvar for det landbruksfaglege programmet bl.a. ved å årleg oppnemne leiar av dei 5 prosjektgruppene og stille med ein representant frå TL sitt styre i kvar av gruppene.

***Staulen - Sterke Nils tunet***. Telemark Sau- og Geitalslag, Landslaget for Telemarksfe og Telemark 4H er drivkreftene bak det som gjeng føre seg på tunet. Prosjektleiar for tunet var også i år Gunnar Haugo. Gry Hovland frå Telemark 4H var koordinator og skrivar. Elisabeth Haugarne er TL sin representant i gruppa. Med seg på Staulen har dei bl.a.: Hestetjenesten, Budeieveven, Produsentlaget Haukeli, Ingebjørg Hellekås Vaa, Ågot Storlid, m.fl..
Mykje av sjela til Dyrsku'n ligg i Staulen. Her legg ein hovudvekt på å vise gamle tradisjonelle arbeidsmetodar i samband med produkt og husdyrhald i dag. Interessa for desse aktivitetane er svært stor, og mange stoppa opp for å sjå arbeidsmetodar demonstrert og for å få kontakt med dyra i det levande miljøet på Staulen.
Aktivitetar i 2006 var:

- **Ysting** føregjekk i den nye ystebua, som fungerer bra. Produktene blir delt ut som smaksprøver.
- **Kinning** to gonger om dagen.
- **Fjosstell;** mjølking, foring og separering morgon og ettermiddag. Her kan dei som vil få være med å stelle dyra og prøve og mjølke.
- **Hest** i stallen var veldig bra. Fint stil og godt planlagt.
- **Spikkinga og tovinga** var og populære aktivitetar for ungane.
- **Plantefarging og Sprang** ble demonstrert, god interesse.
- **Grilling og utdeling av smaksprøver** er svært populært og trekker ein god del menneske.
- **Underhaldning** var greit samkjørt med resten av aktivitetane.
- **Kaffekoking** trekker og til seg mange og gir ein god sosial ramme i tunet.

***Landbrukshallen*** disponerast av det tidlegare *Samarbeidsrådet for Telemark, Vestfold og Buskerud* no ved Telemark Bondelag og Bergit Li. I år, som dei siste åra, brukar Tine, Gilde, Prior og Oikos hallen til profilering av dei nye produkta sine, samstundes som ein informerer om trygg mat m.m. Hallen er godt besøkt og det blir dela ut mange smaksprøver.
For aktørane er det rapportera følgjande:
***Tine:*** Fokus på smaksprøver på nye produkt. Det blei delt ut smaksprøver for ein langt større verdi enn det blei selt varer for i år. Lokale produkt som Chevre frå Haukeli og Kviteseidsmør er det god etterspørsel etter.
***Gilde:*** Delte ut om lag 15.000 smaksprøver, og selde for ca. 76.000 kr. I presentasjonen la ein hovudvekt birkebeinerskinke og på produktserien "Thulefjord" som er eit spesialsortiment frå Nord-Norge. Thulefjord-produkta fekk utruleg positiv omtale.
***Prior:*** Hadde fokus på pølser (wiener, røkt skinnfri, grill og ostegrill), samt kalkunkorv. Økonomisk sett så hadde Prior eit svært "godt" år, omsette for første gong for meir enn varekostnad. Prior gjekk tidleg tom for enkelte varer, egg var det for mykje av. Varemengde må justerast neste år.
***OIKOS:*** Smaksprøver på og sal av økologiske produkt frå Tine, Gilde og Prior. Nytt produkt i år var økologiske kjøttkaker. Landbrukshallen fungerer godt som presentasjonsarena for økologiske produkt.
I tillegg til selgjarar deltok også ein del "bondeambasadører" ute i hallen. Desse bidrek til ein breiare kontakt med publikum, samstundes som dei sørgjer for ein del praktiske oppgåver. Populært i år var fleire vitjingar av "Tones orkester" som fleire gonger var innom hallen og underhaldt.
Svein Børte representerte selskapet i gruppa.

***Bondens Møteplass*** er eit eige telt ( 6. året) kor dei ulike organisasjonene i landbruket profilera seg. Deltakarane i år var faglaga, Tine, Gilde, Prior, Felleskjøpet Øst Vest,

Fylkesmannen sin Landbruksavdeling, Telemark Bygdekvinnelag, forsøksringane, Fylkesmannen i Telemark, Telemark Bygdekvinnelag, Søve videregående skole og sekretariatet til Kvalitetssystem i Landbruket (KSL).
Amund Johnsrud ved Telemark Bondelag har også i år organisera arbeidet via ei eiga samarbeidsgruppe. Målgruppa for teltet er i fyrste rekkje næringa si eigne folk, men publikum "generelt" finn og vegen til teltet. Sentrale aktivitetar i 2006 var:

- ***"Speaker's Corner":*** Debatt på laurdag i år, tema var "Billig mat same kva det kostar? Om mattryggheit i e.coliens tid." Debatt mellom Anne Osland, leiar i Norsk Bonde- og småbrukarlag og Hans-Frode Asmyhr, landbrukspolitisk talsmann for Frp. Debattleiar var Arne Tovik, samfunnsredaktør i Varden. Diskusjonen under debattmøtet skapte engasjement, men blei litt forstyrra av støy i bakgrunnen.
- ***Natursti,*** målgruppe ungdoms- og vidaregåande skule. Individuelle premiar og premie til klassa. Natursti/tippekonkurransen var meir vellykka i år enn i fjor, men den har forbetringspotensiale. Vi hadde truleg for mange og for vanskelege spørsmål.
- ***Telemark Bygdekvinnelag*** demonstrerte NBK-kniven og delte ut smaksprøver på ulike slag grønsaker. Meir fokus på grønsakene enn på kniven! Sal av kalenderen "Bunadgleder".
- ***Prior:*** Koking og smaksprøver på egg, fokus på næringsverdi og ulike eggtyper, fungerte bra.
- ***Tine og Bondelaget*** separerte mjølk, fungerte bra. Hadde også tippekonkurranse på ei skinke. God respons på den.
- ***Forsøksringen Telemark og Søve vgs.*** delte ut smaksprøver på eple og grønsaker.
- I tillegg informerte alle organisasjonane om sitt arbeid.
- Vi viste også i år delar av ***NIJOS si fotoutstilling*** "Kulturlandskap i endring". Den fungerer godt i teltet.

Torleif Hjartsjø er selskapet sin representant i gruppa.

***Husdyrhallen*** skal presentere eit moderne og tidsmessig landbruk, samt dei husdyra som er vanlege i dagen sitt landbruk. Også i år blei det presentert mange ulike husdyrrasar, samt nokon av deira alslag. Hallen er særs populær blant publikum og tilstrøyminga var også i år upåklageleg.
Børge Slettebø var i år, som tidlegare, ansvarleg for koordineringa.
GENO, TINE Meieriet Sør, PRIOR, Telemark Svineavlslag, Telemark Hesteavlslag, Telemark Hesteavlslag, Telemark Fjørfeavlslag, Telemark Birøkterlag, Telemark Pelsdyravlslag, Norsk Kjøttfeavlslag, Gilde Fellesslakteriet, Norsk Holsteinforening, Norsk Jerseyforening, Norges Kaninavlsforbund, Telemark sau- og geitalslag, Lamautstillarar, Godt Hjort, Spermtex og FKØV.
Åse Egeland er selskapet sin representant i gruppa.

***Skogstanden*** er som vanleg ein særs aktiv stand kor mange er engasjera i ulike aktivitetar. Målet for Telemarkskogen er som før en møteplass for alle skog og skogbruksinterreserte . Her skal de besøkende finne informasjon om skogbruket i telemark og aktuelle temaer i skognæringen. Det skal være en avslappet atmosfære og en "grønn" lunge der folk kan stoppe opp, få en kaffekopp og ta en prat .

Følgjande organisasjoner var involvera i arbeidet i 2006;.
AT-Skog, "Aktivt Skogbruk", "Jenter i Skogbruket", Telemark Skogplanter AS, Fylkesmannens Landbruksavdeling, seksjon skog, Norspa AS, Biobrensel.no

Holtz100 og Telemark Skogselskap. Dette var andre året Lars Brynjulvsrud frå Telemark Skogselskap hadde ansvar for koordineringa. Med seg i arbeidsgruppa hadde han Fylkesmannen sin Landbruksavdeling og Simon Thorsdal i frå AT-Skog. Følgjande aktiviteter var i år presentera:

- **Fokus på Bioenergi, og energibruk.**
- **Miniforedrag og plakatserier i forhold til temaer innen skog og utmark**
- **Aktiviteter for unger – spikking og bruk av tre som materiale .**
- **utskjæring med motorsag.**
- **Utstilling av skogplanter, plantetyper og utstyr**
- **Bål, kaffeservering og kontaktskaping**
- **Utstilling demobygg fra Holz100 og informasjon**

Ellef Ellegård representerte selskapet i gruppa.

**Utdeling av Johan Lindequist`s Sølvkande 2006 til 2009:**
Prisen gikk til **Yvonne Minde og Gunnar Haugo frå Vå i Rauland** for eit spesielt fortenestefullt arbeid for feavlen i fylket. Grunngjevinga for tildelinga:
*"Yvonne Minde og Gunnar Haugo har siden midt på 80-tallet vore mellom dei fremste ambasadørane for Telemarkfeet, vår eldste ferase. Dei har avla fram dei fleste dyra sjølve og vektlagt godt lynne. Dei er kjende for særs godt dyrestell og trivelege dyr. Dei har vore aktive for å skapa eit miljø som arbeider for å ta vare på den utryddingstuga kua og Gunnar har det meste av tida vore både leiar og deltakar i styret for Landslaget for Telemarkfe.*
*På Dyrsku`n har Gunnar hatt ei sentral rolle med etableringa og drifta av Sterke-Nils tunet og heile familien er kvart år med og profilerar "den vakraste kua som finst".*
*Dei er og med i ei lita gruppe av entusiastar som har klart å få i gang Telemarkkyri Meieri i Fyresdal som skal spesialisere seg på produkt frå Telemarkfeet."*

**Utdeling av Hans Kleppens Vandrekrus 2006:**
Prisen gikk til **Halvor Skjulestad frå Fyresdal med kua Pia**. Grunngjevinga for tildelinga:
*"Dette er 4 gongen Halvor Skjulestad frå Fyresdal tildelast vandrekruset. Fyrste gong var i 2001. Den gong for ein 3-årig periode. Halvor Skjulestad utmerkar seg med i lang tid å ha drive eit planmessig og medvete alsarbeid på NRF-kyr for å få kyr med gode jur, mykje mjølk og mjølk med høgt protein-innhald. Dei 11 siste åra har Halvor Skjulestad vore blant dei beste i landet på GENO sine rangeringar over buskapar som produserar mykje protein. I meir enn halvparten av dei 11 åra har han toppa denne lista.*
*Kua Pia, registreringsnr 194 er av rasen NRF og har eit EKM tal på 14 142. Av dette er 4% fett og 3,4% protein. Pia er født i 1998, har hatt 5 kalvar, men blei slakta i januar 2006. Totalt produsera ho 64 092 kg mjølk. Kun 18 gardar i Telemark har kyr som har produsera over 10 000kg EKM."*

## 2.2. Telemark Fylkes Handelsstevne

TL vil arbeide for å tilrettelegge plassen for presentasjon av ulike utstillere og aktiviteter knytta til landbruket i Telemark.

### 3.2.1. "Organisering"

TL vil, i henhald til stiftingsdokumentet, være engasjera og representera i styret og representantskapet.

**3.2.2. "Profilering"**
TL vil arbeide for ei tilrettelegging av plassen slik at dei ulike utstillarar og aktivitetar knytta til landbruket i Telemark kan presenterast på beste måten.

Totalt var det i år ca 62 000 besøkande (2005: 65 000, 2004: 63 000, 2003: ca 70 000, 2002 : 72 000) på Telemark Fylkes Handelsstevne. Odd Tore Sagvollen har også i 2006 hatt stillinga som administrerande direktør både for stiftinga og drivarselskapet Stevneplassen AS (tidlegare Telemark Messesenter). TL hadde også i 2006 Nils William Hegna som nestleiar i styret for dei båe.

## 2.3. Århus Forsøksgård

TL vil utvikle garden til ein grøn møteplass.

**2.3.1. Søkje midlar og gjennomføre hovedprosjekt "Århus Hovedgård – en grønn opplevelse" i saman med arbeidsgruppa *"Århus Hovedgård og framtida"*.**

**2.3.2. Starte bygging av fleirbrukslåven høsten 2006 om alle premissane er til stades.**

***Arbeidsgruppa "Århus Forsøksgård og framtida"*** med Steinar Straume, Svein Børte, skulesjef Tormod Aulebo, 4H-konsulent Gry Hovland, fylkeagronom Marita Oxum. og Ellen Dagsrud har hatt ansvaret for framdrifta i det generelle arbeidet med utviklingsprosjektet. Økonom Ina Grubbe har vært engasjert inn til å arbeide med økonomien i satsinga.
**Utviklingstilskott:** -I november 2005 blei det søkt om eit utviklingstilskott til etablering av besøksgardkonseptet. Fylkesmannen sin landbruksavdeling gav i februar eit tilskott på kr 200 000 til dette arbeidet.
**Driftstilskott**: - Vi har også i 2006 hatt ein god dialog med kommunen og ymse politikarar. I august søkte vi kommunen om eit framtidig årleg driftstilskott som skulle tuftast på intensjonsavtala gjort i 2005. Teknisk hovedutval gjorde så i møte 14. september eit vedtak om å gje oss eit årleg generelt driftstilskott på kr 300 000 og ei årleg husleige på kr 200 000 for skuleprosjektet. Dette blei vedteke samrøystes og i eit 5-årig perspektiv. Saka blir ikkje handsama vidare i formannskapet før Telemark Landbruksselskap har satt i gang bygginga.

**Byggekomiteen:** - Frå mai var det byggekomiteen, beståande av Toralf Hjartsjø (leiar), Svein Børte, Åse Egeland og Ellen Dagsrud, som tok over ansvaret med prosjektering av bygg, innhenting av tilbod og vurdering av dei økonomiske høva kring ei finansiering. I fyrste runde med anbod fikk vi ikkje inn nokon svar. I neste runde blei entreprisa splitta og siste veka i november fikk vi inn 4 tilbod som låg nærmare 100% over berekna kostnader.
Konklusjonen på styremøtet 6. desember blei som følgjande:
*Styret i Telemark Landbruksselskap setter ikkje i gang bygging før finansieringa er sikra. Det arbeidast vidare i prosjektet i tråd med drøftingane i styret:*

- *Høve kring skatt og meirverdiavgifta avklarst så langt som råd.*

- *Det takast kontakt med Skien kommune for å drøfte moglegheitane for medfinansiering.*
- *Saka leggast fram på representantskapsmøtet i april.*
- *Entreprenørane varslast om at prosjektet et førebels utsett.*

**Salet av skogteigen** blei realisera i februar 2006. Dnb Nor – Eiendom hadde eigedomen for sal sidan august 2005. Pristyding var på 2,5 mill. Salssummen blei 2,35 mill og midlane er satt inn på ein eigen sparekonto i Landkreditt.

**Bygging av boliger på naboeigedomen**: - PÅ 50-talet solgte nabogarden nokre private boligtomter på arealet mellom Århus Hovedgard og Falkumelva. Desse tomtene har ligge urørleg i alle år, da dei har mangla ein godkjent vegrett. Forsøksringen og ein nabo har såleis fått høve til å beite på området, og i dag utgjer det ein naturleg og vakker del av kulturlandskapet kring garden. Dei siste åra har eigarane av tomtene arbeida for å realisere området. Dei ynskjer å leggje vegen på delar av TL sin eigedom og dei ynskjer no å fremja ein privat regulering av området. TL har på si side påpeka dei unike kvalitetane i landskapet og at ei slik utbygging vil redusere moglegheitane for utvikling av garden. TL har i fleire samanheng fremja ynskje om at arealet på nytt regulerast til LNF. Kommunen vil i år taka stilling til saka.

**Jernalderhuset:** - Jernalderhuset på garden har blitt eit særs popularl stad for ulike lag og einingar. Alt i frå barnehagar til skuleklassar og pensjonistlag vitjar plassen som ligg rett bak den gamle låven på garden.

**Open Gard:** Gjerpen Bondelag har i to år no bruka Århus Hovedgard til arrangementet Open Gard i august kvart år. Dette har vore særs populært med mange besøkande.

## Strategiområde 3 – "Organisasjon"

***TL vil arbeide for ei meir formålsteneleg organisering sett i høve til målsetting.***

### 3.1. Det skal opnast for fleire frie plassar til styret i Telemark Landbruksselskap

Dette punktet blei vedteke å taka ut av arbeidsplanen av representantskapet i 2006. Framleis står det at i styringsplanen. Styret ynskjer å drøfte saka i 2007.

### 3.2. Det skal vurderast å legge til rette for sal av dei eigedomane som ikkje omfattast av strategiområda i planen område 2 - profilering.

Hyttetomta på Flishaugflotti blei seld i desember 2006. Samstundes har det vori ein dialog med Vinje kommune om eit mogleg sal av eigedomane i Bitdal.

# Status eigedomar og verksemder

## • Eigedomar i Bitdal - gnr. 126, bnr. 4 og gnr. 130, bnr. 6

**Eigedomen:** Eigedomen utgjer Romteitstøylen gnr. 126, bnr. 4 og Steinbruflotti gnr. 130, bnr. 6 som totalt, saman med delar av vatnet, utgjer ca. 23.100 da. Det høyrer til to hytter, Rolegholet og Rjupehytta, samt eit uthus og ein eigarandel i eit båtnaust.
Intensjonane med eigarskapet har vore å tilby beite til rovdyrutsette boskapar frå andre delar av fylket. Dette har endra seg noko dei siste åra.
**I 2006 :** Det var att kun 3 buskapar i regi av TL denne beitesesongen med tilsaman 568 sau og 35 storfe. Til reinsjakta disponera eigedomane 8 fellingsløyve; 3 valgfrie dyr, 3 simler og 2 kalvar. Desse var fordela etter avtala; 3 dyr til TL sitt jaktklag, 2 dyr til Vinje kommune, og 3 dyr til Rauland Jeger- og fisk. 7 dyr blei felt.
Småviltjakta vert leigd ut til ein privatperson for kr 4000.
**Administrasjon:** Forvaltingsstyret for Bitdal har i 2006 hatt eit møte. Synfaring var ikkje aktuelt. Dei som er med i styret for TL er leiar Steinar Straume, samt Helge Nymoen frå Fylkesmannen i Telemark, leiar frå Arabygdi Beitelag, Bitdal Beitelag, Longvik Beitelag, Telemark Sau- og Geit, ein representant frå beiteleigarane og ein representant for landbruksetaten i Vinje kommune.
**Økonomi:** I 2006 hadde selskapet ei inntekt frå eigedomane i Bitdal på kr 32 630,-. Utgiftene dette året, var på kr 19 865. Noko av årsaka var eit tilskot på kr 5000 til historieboka om Bitdal og tilhøyrande kjøp av bøker. Under er ein oversikt på inntekter og utgifter knytta til forvalting av Bitdal 2006.

| Inntekter | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|
| Beiteinntekter (2004; inkl. kr 1750 for 2003) | 10 550 | 8 510 | 9 815 | 6 460 | 7 430 |
| Jaktinntekter | 6 600 | 3 000 | 8 900 | 17 500 | 18 500 |
| Fiskekort | 729 | 965 | 780 | 1 698 | 1 800 |
| Hytte og båtleige | 6 300 | 3 400 | 5 800 | 3 200 | 4 900 |
| **Sum** | **24 179** | **15 875** | **25 295** | **28 858** | **32 630** |
| **Utgifter** | | | | | |
| Beiteleige | 1 000 | 3 000 | 0 | 1 000 | 1 610 |
| Fellingsløyver | 420 | 0 | 0 | 1 075 | (1 545)* |
| Kommunale avgifter | 476 | 499 | 526 | 582 | 247 |
| Medlemsskap HG | 1 550 | 1 550 | 1 550 | 1 662 | 1 750 |
| Forsikring | 1 569 | 1 648 | 1 858 | 1 868 | 1 906 |
| Diverse utgifter | 2 593 | 2 860 | 3 051 | 733 | 12 807 |
| **Sum** | **7 608** | **9 557** | **6 985** | **6 921** | **18 321** |

* Førast på 2007

## • Århus Hovedgård gnr. 5, bnr. 1

**Eigedomen:** Sjølve garden utgjer i dag av 93 daa dyrka-/innmark og 220 daa skog fram til februar 2006. Da blei 36 daa av skogen, som var med i kommunen sin plan for nye boområde seld. Bygningsmassa utgjer eit våningshus og ein kontor/bryggerhusfløy, samt ein driftsbygning, ein garasje og eit renseanlegg. I 2005 blei det satt opp eit kopi av eit langhus i frå jernalderen på eigedomen i regi av ei historisk interessera gruppe. Dei leiger fritt arealet mot at TL kan nytte huset i ulike samanhengar. Forsøksringen Telemark har sia 1991 forpakta delar av eigedomen. Frå 14.april 2004 tok TL tilbake forvaltinga av eigedomen, for å kunne vera meir aktivt til stades i utviklingsprosessen p på garden.
**I 2006:** Både Forsøksringen Telemark og FABIO disponerar framleis kontor og delar av arealet ute. Det er i tillegg 3 jordleigarar på garden. Arbeidsgruppa "Århus Hovedgård og

framtida" og byggekomiteen har i år arbeida vidare for å realisera planane om ein ny fleirbrukslåve på garden. Sjå elles Strate giområde 3 - "Profilering" side 14.
**Administrasjon:** Gardsstyrar er Arnulf Rein. Han leiger boligen på Århus for ein symbolsk sum, mot at han vedlikeheld areala sommar som vinter. Dagleg leiar i TL held jevnleg kontakt med gardsstyrar og avklarar naudsynt vedlikehald.
**Økonomi:** Inntekter til garden har dette året komi i frå dei ulike leigetakarane og frå ei erstatning for bruk av jorder til lagring av matjord. I tillegg kjem sjølvsagt inntektene i frå salet av skogteigen 2,35 mill minus omkostningar ( Spesifisera i eigen post i rekneskapen). Dei største utgiftene har i år vori til straum og diverse vedlikehald. Straumprisen i fjor vinter auka kraftig, samstundes som vi hadde fleire kalde månadar. Møterommet på garden er mykje i bruk, og panelovnane sto på jamnt for å sikre god nok temperatur. Hausten 2006 fikk vi ein VVS-konsulent til å sjå på bygninga og gje råd. Det mest optimale vil vere om vi får lagt inn geo- eller bio-varme i frå det nye bygget. Sjå elles tabell "Drift" under.

## Drift

| **Inntekter** | **2002** | **2003** | **2004** | **2005** | **2006** |
|---|---|---|---|---|---|
| Forpaktningsavgift | 22 060 | 23 425 | 0 | 0 | 0 |
| Leieinntekter forsøksringane og gardstyrar | 0 | 0 | 40 100 | 48 100 | 48 100 |
| Leigeinntekter jord | 0 | 0 | 22 000 | 23 600 | 29 600 |
| Sal festetomt | 61 500 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kulturlandskapstilskott | 0 | 0 | 11 400 | 0 | 0 |
| **Sum** | **83 500** | **23 425** | **73 500** | **71 700** | **77 700** |
| **Utgifter** | | | | | |
| Utskifting vinduer våning | 0 | 0 | 32 042 | 0 | 0 |
| Grøfting | 0 | 0 | 9 238 | 0 | 0 |
| Straum | 0 | 0 | 23 826 | 17 587 | 47 639 |
| Kommunale avgifter, skatt m.m. | 2 422 | 2 732 | 5 651 | 12 550 | 10 500 |
| Forsikring | 10 613 | 13 341 | 13 008 | 13 375 | 15 474 |
| Div gebyr salg festetomt | 3 615 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Div utgifter prosjekt / driftsbygning | 26 784 | 33 333 | 37 320 | 0 | 0* |
| Kartforetning skogteigen 2005 | 0 | 0 | 0 | 27 671 | 0 |
| Kloakkanlegg diverse servic | 0 | 0 | 0 | 6 964 | 7 089 |
| Div. utgifter (2005; Vedlikehold, grus m.m.) | 1 090 | 0 | 11 744 | 12 740 | 25 431 |
| **Sum** | **44 524** | **49 406** | **132 829** | **90 888** | **106 133** |

* Se egen oversikt prosjekt under.

## Prosjekt

| **Inntekter** | **2006** |
|---|---|
| Salg skogteig (Totalt: 2 350 000) | 2 278 510 |
| Tilskudd fylkesvise BU-midler 1. utbetaling (Løyvd kr 200 000 til utviklingsprosjekt) | 100 000 |
| | |
| **Sum** | **2 378 510** |
| **Utgifter** | |
| Prosjektleder 2006 | 101 189 |
| Prosjektmedarbeider | 58 914 |
| Honnorar og reise prosjektgruppe (ennå ikke avregnet) | 0 |
| Diverse prosjektutgifter | 18 198 |
| Prosjektering av ny driftsbygning | 619 800 |
| | |
| **Sum** | **798 101** |

- **Hyttetomt Flishaugflotti**

**Eigedomen**: Denne hyttetomta ligg nordvest for Rauland Høgfjellshotell og er på 1,5 daa. TL fikk i 2005 løyve av Vinje kommune til omdisponering av arealet til bygjeområde for fritidsbustader. På ettersommaren 2006 var kartforretninga klar, og 15. desember blei det betala inn kr 798 548 ( inkl omkostningar for sal). Pengane vil inntil vidare stå på ein av selskapet sine sparekontoar.

- **Hytte på Bjønnes gnr 27, bnr 1 (Tilhøyrande Hyttelaget)**

**Eigedomen:** Hytta Knausen ligg på Bjønnes i Porsgrunn kommune, og står på ei festetomt med 50 m strandlinje som er på 1,5 da. Hytta blei kjøpt i 1964 av Tjenestemannslaget (no Hyttelaget) ved Telemark Landbruksselskap for kr 24.065. Dette blei dekt ved ein erstatningssum på kr 15 000 frå neddemming av Bitdalsbu, og i frå eit lån i frå Landbruksselskapet på kr 12 000
**I dag:** Det betalast i dag ei årleg leige på kr 1015. Festekontrakten blei fornya i 2005 utan vesentlege endringar. Hyttelaget fungerar i dag som eit andelslag kor alle tjenestemenn ved FMLA er medlem av laget når dei betalar ei årleg avgift. (150,-). Det er vedtektsfesta i Hyttelaget sine vedtekter at om laget blir oppløyst skal Knausen førast vederlagsfritt tilbake til Telemark Landbruksselskap. I 2005 løyvde TL kr 10 000 til naudsynt vedlikehald på hytta. Hyttelaget ynsker å gå i ein dialog for å kjøpe landbruksselskapet ut av vedtektene.

- **Seljord utstillinga, "Dyrsku'n"**

**Eigedomen:** Telemark Landbruksselskap eig delar av Dyrskuplassen med tilhøyrande bygningar saman med Seljord kommune. Resten av plassen er leigd areal.
**I 2006:** Dette var det 140. dyrskue i Seljord og såleis eit stort jubileum. Sjå side 9 – 11. Pågangen av antall utstillarar er framleis god, og ventelistene blir lenger. Det arbeidast jamt med ein betre kvalitet på utstillarane. I oktober blei bygginga av det nye administrasjonsbygget på plassen satt i gang. Bygget skal romme eigne kontorer for dagleg drift av Dyrsku'n Arrangement AS, administrasjonen til Mattilsynet regionen Midt- og Vest-Telemark, samt eit produksjonskjøkken. Kjøkkenet skal nyttast til matservering under dei ulike arrangementa, samt til kursing og produksjon lokalmat. Bygget er kostnadsberekna til vel 21 mill kroner.
Elles var det eit spesielt år for alle som på ulike vis var involvera i Dyrsku'n, da det blei konflikt mellom styret og dagleg leiar. Saka blei løyst ved ei friviljug avtale i januar 2007. Dyrsku'n har i dag status som ein av dei største og mest vellukka landbruksutstillingar i landet. I 2006 var det innom 72 110 besøkande.
**Organisering**: Samarbeidet mellom Seljord kommune og Telemark Landbruksselskap er frå 9. mai 2006 no registrera som ein holdingsstiftelse - Stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n. Drivarselskapet er framleis Dyrsku'Arrangement AS.
Samarbeidet vert leia av eit styre og eit råd, samt eit styre og ei generalforsamling tilknytta Dyrsku'n Arrangement AS. I styret kjem to medlemmer i frå Telemark Landbruksselskap og to i frå Seljord kommune. Rådet er utstillinga sitt høgste organ, og er samansett av formannskapet i Seljord kommune og styret i Telemark Landbruksselskap. I styret og generalforsamlina tilknytta Dyrsku'n Arrangement AS sit dei same frå landbruksselskapet som i frå styret i stiftinga.
Samarbeidet mellom AS-et og TL er regulera av "Samarbeidsavtala " frå 2003. Denne viderast i desse dagar.
**Økonomi**: Inntektene frå Dyrsku'n kjem i frå eigne arrangement og utleige av plassen. Rådet avgjer, etter framlegg frå styret, korleis eit evnt. overskott disponerast, kor stor

fondsavkatningane skal vera og vedtar budsjett for året. Telemark Landbruksselskap motek årleg ein godtgjering på kr 300.000 (indeksregulerast) for ansvaret me har for aktiviteten i Landbrukshallen, Husdyrhallen, Sterke Nils Tunet, Bondens Møteplass og Skogstanden. Utgiftene på Dyrskun utgjer i dag kun mindre kostnadar til premiering. Ellers dekkast all annen aktivitet opp under avtalene.

- **Stiftelsen Telemark Fylkes Handelsstevne**

**Eigedomen:** Stiftinga eig i dag bygningane, og leiger sjølve plassen av Skien Kommune.
**Organisering:** Representantskapet er TFH sitt øvste organ og her sitt 16 representantar. Dei tre aktørane stiller kvar med 4 representantar, samt at årsmøte peikar sjølve ut 4. Årsmøte velgjer og eit styre, som utgjer ein formann, nestformann og fire styremedlem og kor dei tre aktørane er representera med 1 eller 2 medlem. Styret vel ein dagleg leiar som har det økonomiske og forretningsmessige ansvar overfor styret.
I 1989 blei Telemark Messesenter AS etablera. Dette selskapet blei i 2005 endra til Stevneplassen AS. Her eig Handelsstevnet 75% av aksjane, og Skien kommune 25%. Dei har som oppgåve å drive plassen dei resterande 10 månadar.
**I 2006**: Dette var nok eit godt år for sjølve handelsstevnet med god interesse for sal av utstillingsareal og godt besøk, men diverre blei det eit større underskot for aktivitetane utanom sjølve stevnet. Det er per denne dato noko uvist kva for konsekvensar dette vil ha, men daglei leiar har no gått i frå stillinga.
**Økonomi:** Stiftinga har ein grunnkapital på 2.700 kr. Telemark Landbruksselskap har inga direkte inntekter frå stiftinga.

**Skien 31.12.06 / 06.03.07**

**Styret i Telemark Landbruksselskap**



ERNST & YOUNG

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Porsgrunn:
Melkevegen 13, Postboks 64
N-3901 Porsgrunn

Avd. kontor Bø:
Hellandtunet, Postboks 123
N-3833 Bø i Telemark

Avd. kontor Kragerø:
Ytre Strandvei 6, Postboks 230
N-3791 Kragerø

Foretaksregisteret:
NO 976 389 387 MVA

Tel. +47 35 51 62 00
Fax +47 35 51 62 49
www.ey.no

Tel. +47 35 06 15 50
Fax +47 35 06 15 51

Tel. +47 35 98 69 20
Fax +47 35 98 69 21

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til årsmøtet i
Telemark Landbruksselskap

## Revisjonsberetning for 2006

Vi har revidert årsregnskapet for Telemark Landbruksselskap for regnskapsåret 2006, som viser et overskudd på kr 2 248 494. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapsprinsippene i note 1 til regnskapet er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av foreningens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foreningens formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at årsregnskapet gir et uttrykk for foreningens økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i overensstemmelse med de beskrevne regnskapsprinsippene.

ERNST & YOUNG AS
Porsgrunn, 6.mars 2007

Erik Gudbrandsen
statsautorisert revisor

Arendal, Bergen, Bø, Drammen, Fosnavåg, Fredrikstad, Holmestrand, Horten, Hønefoss, Kongsberg, Kragerø, Kristiansand, Larvik, Levanger, Lillehammer, Moss, Måløy, Notodden, Oslo, Otta, Porsgrunn/Skien, Sandefjord, Sortland, Stavanger, Steinkjer, Tromsø, Trondheim, Tønsberg, Vikersund, Ålesund